

**Forslag til vedtak i Volda formannskap: Volda kommune ber regjeringa sette i gang eit arbeid med å utgreie moglegheita for å krevje norske lønns- og arbeidsvilkår for tilsette på fartøy i norske farvatn.**

**Krav om norske løns- og arbeidsvilkår i norske farvatn.**

Volda kommune har vorte oppmoda om å støtte sjømannsorganisasjonane si oppmoding til regjeringa om å utgreie om det er mogleg å stille krav om norske løns- og arbeidsvilkår for tilsette på skip i norske farvatn.

Havet er fellesnemnaren for dei viktigaste næringane i Noreg, og vi er langt framme i global samanheng når det gjeld maritime næringar; frå fiske til petroleum.

Desse næringane bidreg i vesentleg grad til norsk økonomi. Potensialet for framtidig verdiskaping er stort.

Ein av dei viktigaste grunnane til at norske maritime næringar er verdsleiande, er at den stadig har vorte og vert tilført både ny og erfaringsbasert kompetanse frå norske sjøfolk. Utan norske sjøfolk forsvinn denne kompetansen ut av landet.

Sjøfolka og næringane dei er knytt til skapar ringverknader i kommunane, ikkje berre i form av arbeidsplassar, men også i form av skatteinntekter og grunnlag for forsyningsindustri. Norske sjøfolk er viktig også for dei maritime klyngene langs kysten.

Lenge har utflagging vore ein vesentlig del både i nasjonal og internasjonal skipsfart. Billigast mogleg mannskap har vore ein vesentlig drivkraft i dette.

Dette breier no om seg med stor tyngde også innan den delen av næringa som har sin hoveddel av virksomheita i Noreg. Norske sjøfolk på alle nivå har mist, eller misser arbeidet og rekrutteringa til yrket har vorte skadelidande.

Rundt 30 000 norsk arbeidsplasser om bord på fartøy i norske farvatn vert utfordra av denne utviklinga. Fleire av disse er busatt også i Volda kommune.

I norsk arbeidsliv er det enno eit krav om at norske lønns- og arbeidsvilkår skal gjelde. Dette prinsippet vert no utfordra på mange områder og kanskje særleg innan skipsfartsnæringa. Dette prinsippet skulle og skal hindre sosial dumping.

Eit regjeringsoppnemnt utvalg (Fartsområdeutvalget) anbefalte regjeringa å utgreie moglegheita for å krevje norske lønns- og arbeidsvilkår i norske farvatn. Dette har så langt ikkje vorte fulgt opp av regjeringa.

Krav om norske lønns- og arbeidsvilkår i norske farvatn kan gje mange positive sider:

- Alle om bord vert sikra norsk lønn og vert verna av norske lover.
- Konkurransen om arbeid om bord vert på like vilkår, der det er kompetansen som avgjer, og ikkje kor langt ned i lønn ein er villig til å gå.
- Vi opprettheld norske arbeidsplasser.
- Vi sørgjer for at vi i mange tiår framover kan forsyne maritim industri med oppdatert, erfaringsbasert maritim kompetanse.
- Det vil ikkje lenger lønne seg å flagge ut skip til skatteparadis.

Ei utgreiing er meint å skulle avklare om det er mogleg å krevje at sjøfolk skal kunne jobbe på norsk sokkel med norsk løn, innanfor dei internasjonale forplikingane Noreg fylgjer.

Sjømannsorganisasjonane ber difor volda kommune om å støtte initiativet ved å be regjeringa sette i gong eit arbeid med å utgreie moglegheita for å stille krav om norske løns- og arbeidsvilkår for tilsette på skip i norske farvatn.

**Hild Våge**  
**Gruppeleiar**  
**Volda Arbeidarparti**